



”Geit i Vekst”

v/Ola Søgnesand
Hafstadvegen 45
6800 Førde
Mobilnr: 90996816
E-post: ola.sognesand@tine.no

Dato: 04.02.2011.

KJØTPRODUKSJON PÅ KJE, ÅRETS SESONG BLIR UENDRA.

Dette var konklusjonen i møte mellom Nortura og Geit i Vekst tysdag 1. februar på Nortura sitt anlegg i Førde.

Bakgrunnen for møtet er den vanskelege marknadssituasjonen for kjekjøtt ved at ein god del av kjea som kjem inn til slakteria ikkje blir seld. Dette er ikkje særskilt for slakterisamvirke. Ole Ringdal AS, 6218 Hellesylt har sendt ut brev til sine leverandørar av kjekjøtt og orientert om at dei har over 3 tonn kjekjøtt frå i fjor på fryselerager.

Geit i Vekst fekk først høyre om den vanskelege situasjonen på kjekjøtt marknaden under årsmøtet til Møre og Romsdal Sau og Geit i februar 2010. Med bakgrunn i opplysningane som då kom fram, har Geit i Vekst teke saka opp med Nortura. Som medlem i arbeidsgruppa for Geitedagane i Geiranger medverka underteikna til at kjekjøtt blei sett på dagsorden også der.

Nortura vil prøve.

Årets sesong blir altså uendra kva angår leveranse til Nortura.

Ultra og Centra/Jakobs kjeden har 8 butikkar i landet. Av desse ligg ligg 7 i Oslo og Akershus. I vekene 12 og 13 vil det bli køyrt eit prøveprosjekt i dei nemnde butikkane med ca 100 kje pr veke. Kjea blir slakta måndag /tysdag for å gå ut i butikk torsdag/fredag.

Det vert satsa på litt større kje, 5 – 7 kg då butikkane ynskjer kje av denne storleiken. Kjea blir seld som ferskvare, pakka i corrovac som medfører at dei er haldbare i 10 dagar. Butikkane skal ha serskild fokus på å presentere kjekjøttet desse vekene. Forsøket vil bli følgt opp med ei evaluering.

2011 vil bli brukt til å prøve å finne ut av fleire viktige spørsmål omkring denne produksjonen og kva ein i tilfelle skal satse på. Her kan nemnast spørsmål som:

- storleik
- vårkje og eller haustkje
- vidareforedling
- kontraktproduksjon
- pris til produsent
- kostnad med slakting og vidareforedling
- marknad
- o.s.v.

I løpet av hausten vil det komme ei orientering om 2012 sesongen.

Helsing
Ola Søgnesand